



## MØTEBOK/REFERAT SVEIO SOKNERÅD

Dato:	7.5.2024
Desse møtte:	Anne Vierdal, Solfrid Lier Habbestad, Bente Hovland Johannesen, Rune Hjelmeseter, Hildur Larsen, Astrid Yasmin Furdal, Leiv Rossehaug Sigrund Breistig, Kjell Gunnar Nymark, Lars Severin Reiersen, Rikard Stokkenes,
Fråvær:	Lars Edvart Larsen
Referent:	Solfrid Lier Habbestad

Arild Steinsland hadde ord for dagen som start på møtet.

SR 53/24	<p><b>Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden</b></p> <p>Opprop blei gjennomført. Merknader til innkalling: Ingen</p> <p>Følgjande saker blei meldt til eventuelt: Diakoniprosjektet Sveio barnekor-utgiftsdekning av buss til Moster</p> <p><b>Vedtak:</b> Innkalling og sakliste blei godkjent. Saker som blei meldt over, blir handsama under eventuelt i sak 60/24.</p>								
SR 54/24	<p><b>Godkjenning av referat fra møtet 16.04.24</b></p> <p>Viser til utsendt referat fra møtet. Merknader til referatet om fasteaksjonen (sak 47/24):</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Sjølv om ikkje alle rutene blei dekka, ser det ut som om resultatet av innsamlinga blir svært godt.</li><li>• Det må i større grad gå fram av kartet kor kvar rute startar og sluttar.</li><li>• For at så mange ruter som mogeleg skal få besøk av konfirmantar, kan ikkje ungdomane gå saman to og to.</li></ul> <p><b>Vedtak:</b> Referat fra møtet blei godkjent med merknader som skissert over.</p>								
SR 55/24	<p><b>Gudstenester sidan sist (orientering)</b></p> <table border="1"><thead><tr><th></th><th>Prest</th><th>Kyrkjevertgr</th><th>Kommentar</th></tr></thead><tbody><tr><td>5.mai (UNG MESSE)</td><td>AS</td><td>Gr til KGN</td><td>Ikkje alle som hadde oppgåver i tilknyting til messa, hadde oppfatta rett dag og tid. Messa blei gjennomført utan kyrkjetenar og klokkar, og presten fekk såleis mange oppgåver. Berre tre kyrkjevertar kom, og dette var i minste laget sidan det var kyrkjekaffe. PP som blei vist, hadde ein del skrivefeil. Viktig med korrektur på alt som skal visast på veggen. Elles var det ein del uro i konfirmandgruppa.</td></tr></tbody></table>		Prest	Kyrkjevertgr	Kommentar	5.mai (UNG MESSE)	AS	Gr til KGN	Ikkje alle som hadde oppgåver i tilknyting til messa, hadde oppfatta rett dag og tid. Messa blei gjennomført utan kyrkjetenar og klokkar, og presten fekk såleis mange oppgåver. Berre tre kyrkjevertar kom, og dette var i minste laget sidan det var kyrkjekaffe. PP som blei vist, hadde ein del skrivefeil. Viktig med korrektur på alt som skal visast på veggen. Elles var det ein del uro i konfirmandgruppa.
	Prest	Kyrkjevertgr	Kommentar						
5.mai (UNG MESSE)	AS	Gr til KGN	Ikkje alle som hadde oppgåver i tilknyting til messa, hadde oppfatta rett dag og tid. Messa blei gjennomført utan kyrkjetenar og klokkar, og presten fekk såleis mange oppgåver. Berre tre kyrkjevertar kom, og dette var i minste laget sidan det var kyrkjekaffe. PP som blei vist, hadde ein del skrivefeil. Viktig med korrektur på alt som skal visast på veggen. Elles var det ein del uro i konfirmandgruppa.						
SR 56/24	<p><b>Møte i utvala sidan førre møte (orientering)</b></p> <p><b>Fellesrådet:</b> Har ikkje hatt møte. Hastar med førearbeid til utlysing av stillinger.</p>								

	<p><b>Kyrkjevertgr:</b> Har ikkje hatt møte, men sender ut informasjon til leiarane av gruppene ved behov.</p> <p><b>Trusopplæring:</b> Har ikkje hatt møte</p> <p><b>Diakoniutvalet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Bente og Sigrun deltok på fagdagen til kommunen om helse og omsorg. Innhaldet var aktuelt og interessant. Ordføraren signaliserte etter fagdagen at han ville invitira representantane frå utvalet til eit møte for å drøfta vidare samarbeid.</li> <li>Fellesmøte i juni for dei to sokneråda kan ta utgangspunkt i fagdagen og ha som tema: Aukande gruppe av eldre i Sveio-trong for tiltak.</li> <li>Det har vore grautdag med stor oppslutnad.</li> <li>Songkaffen har hatt tre samlingar, ca 45-50 personar kvar gong og tiltaket er godt motteke. Frivilligsentralen vil organisera skyss til songstundene. Startar opp igjen til hausten.</li> </ul>												
SR 57/24	<p><b>Tilgang til: «Kirka vår-samlet plan for arbeid i soknet»</b></p> <p><b>Bakgrunn:</b> Alle rådsmedlemmer har tilgang til denne nettsida der soknet kan ha alle aktuelle dokument og planar.</p> <p>I møtet gjorde me ein del forsøk på innlogging. Ikkje alle lukkast dette for, men me vart samde om å sjekka ut nettsida kvar for oss.</p>												
SR 58/24	<p><b>Møteplan hausten-24</b></p> <p>Representanten Furdal hadde følgjande forslag til møteplan for hausten-24:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Møtenummer</th><th>Dato:</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>SR 23-27/10</td><td>Tysdag 20.aug 2024</td></tr> <tr> <td>SR 23-27/11</td><td>Tysdag 17.september 2024</td></tr> <tr> <td>SR 23-27/12</td><td>Tysdag 15.oktober 2024</td></tr> <tr> <td>SR 23-27/13</td><td>Torsdag 14.november 2024</td></tr> <tr> <td>SR 23-27/14</td><td>Torsdag 5.desember 2024</td></tr> </tbody> </table> <p><b>Vedtak:</b> Samrøystes som i forslaget</p>	Møtenummer	Dato:	SR 23-27/10	Tysdag 20.aug 2024	SR 23-27/11	Tysdag 17.september 2024	SR 23-27/12	Tysdag 15.oktober 2024	SR 23-27/13	Torsdag 14.november 2024	SR 23-27/14	Torsdag 5.desember 2024
Møtenummer	Dato:												
SR 23-27/10	Tysdag 20.aug 2024												
SR 23-27/11	Tysdag 17.september 2024												
SR 23-27/12	Tysdag 15.oktober 2024												
SR 23-27/13	Torsdag 14.november 2024												
SR 23-27/14	Torsdag 5.desember 2024												
SR 59/24	<p><b>Gudstenestoplan</b></p> <p>Soknepresten orienterte om innhaldet i ein slik plan. SR må avgjera kva offeret i dei ulike gudstenestene skal gå til.</p> <p>Hildur og Rune utarbeider forslag til fordeling av kyrkjevertgr og offer i gudstenesteplanen.</p>												
SR 60/24	<p><b>Eventuelt</b> (Saker som blei meldt i sak SR 45/24):</p> <p><b>1. Diakoniprosjektet.</b> Sveio sokneråd har einstemmig bestemt at dei vil gå inn for «Besöksteneste for vår tid», medan soknerådet for Valestrand/Førde ønskjer ein stilling der trusopplæring inngår med 60 % og diakoni med 40%.</p> <p>Sveio SR inviterer soknerådet for Førde/Valestrand til eit fellesmøte 20.juni der begge alternativ blir presenterte og drøfta.</p> <p>Helsesøster for eldre må inviterast til møtet. Bente og Sigrun har ansvar for fellesmøtet med diakoni som tema.</p>												

	<p><b>2.Sveio barnekor:</b>          Barnekoret skal delta i jubileumsfeiringa på Moster der dei m.a. skal syngja i hovudarrangementet der kronprinspar, statsminister og mange andre skal vera publikum. Koret har pengar på konto, men i ei usikker tid for koret kan det bli trøng for ekstratiltak som desse midlane må brukast til. Som representant for barnekoret har SL Habbestad tidlegare formidla ein munnleg søknad til SR om støtte til bussutgifter til felles lydprøve på Moster.</p> <p>Det vart i møtet uttrykt både stolthet og eigarskap til barnekoret og SR vil svært gjerne bidra med økonomisk støtte til koret.</p> <p><b>Avgjerd/vedtak:</b> Soknerådet bidrar med 7500 kr til bussutgifter til barnekoret i tilknyting til Moster 2024. Frå kontoen til barnekoret skal resten av rekninga dekkast.</p> <p><b>3.Dagsorden:</b> Det vart elles bestemt at møta i SR skal starta med «Vår Far» og avsluttast med velsigning.</p> <p><b>Møtekritikk:</b> Ingen merknader</p>
--	---

Etter handsaming av sakene, var det fotografering av soknerådet.

Sveio, 22.5.2024

Solfrid Lier Habbestad

-sekretær-